



Fylkesmannen i Rogaland

Endeleg tilsynsrapport

Tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i Time kommune 2019



Endeleg rapport frå tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i Time kommune 6. og 11. november 2019

Tidsrom for tilsynet:	November 2019
Kommunen si adresse:	Time kommune, Arne Garborgs veg 30, 4340 Bryne
Kontaktperson i kommunen:	Beredskapskoordinator Anne Reidun Garpestad
Fylkesmannen sitt tilsynslag:	Revisjonsleiar Reidar Johnsen og revisor Maren Skåden
Dato for endeleg rapport:	20. desember 2019

Samandrag

Tilsynet er gjennomført med heimel i lov 26. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivile tryggingstiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) § 29 og forskrift 22. august 2011 om kommunal beredskapsplikt § 10.

Målet med tilsynet er å undersøke om Time kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med krava i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Fylkesmannen avdekka ingen avvik i tilsynet med Time kommune

Innhald

Samandrag	2
1. Bakgrunn for tilsynet	4
2. Rammer for tilsynet	4
3. Hovudintrykk	4
4. Resultat frå tilsynet	5
5. Grunnlagsdokument	5
6. Deltakarar i tilsynet	6

1. Bakgrunn for tilsynet

Tilsynet er gjennomført med heimel i lov 26. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivilbeskyttelse og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) § 29 og forskrift av 22. august 2011 om kommunal beredskapsplikt § 10.

Målet med tilsynet er å undersøke om Time kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med krava i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt. Fylkesmannen ville sjå om kommunen i tråd med krava i lov og forskrift hadde:

- ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)
- eit heilskapleg system for kommunen sitt samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid
- ein overordna beredskapsplan
- øvingar og opplæring for tilsette som har ei rolle i kommunen si krisehandtering
- evalueringar av hendingar og øvingar

2. Rammer for tilsynet

Tilsynet er gjennomført etter prinsippa for systemretta tilsyn. Skriftleg revisjonsvarsel blei sendt 2. april 2019, og relevant dokumentasjon vart granska før tilsynet. Den 6. november var det opningsmøte og intervju med relevante personar i kommunen. Sluttmøte var 11. november 2019.

Denne rapporten handlar om avvik og merknader som er avdekkja under revisjonen. Avvik er manglande etterleving av krav i sivilbeskyttelseslova og/eller i forskrift til kommunal beredskapsplikt. Merknad er funn det er grunn til å peike på for å sikre betring i oppfølginga av føresegnene i beredskapsplikta.

Me gjer merksam på at Fylkesmannen berre undersøker om kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i tråd med lov og forskrift. Tilsynet gir difor ikkje ei fullstendig vurdering av kommunen sitt arbeid med dette.

3. Hovudintrykk

Time kommune er blant dei beste kommunane innan samfunnstryggleik og beredskap i Rogaland og er ein kommune som Fylkesmannen på fleire område trekk fram som eit døme for andre kommunar. Arbeidet har god forankring i både administrativ og politisk leiing og relevante personar på tvers av avdelingane blir involvert under leiing av beredskapskoordinator. Det er stor merksemd om beredskap også på verksemdsnivå.

Fylkesmannen finn spesielt å trekke fram korleis kommunen har eit heilskapleg og systematisk arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Heilskapleg ROS-analyse er brukt som grunnlag for beredskapsplan og fagnotat med detaljerte konkrete vurderingar av overvann, klimatilpassing, storulykkeverksemdar, nedgraving av daude dyr pga. dyresjukdomar og matvaretryggleik. Fagnotata har igjen vært førande i arbeidet med arealdelen til kommuneplanen og reguleringsplanar.

Kommunen har låg terskel for å etablere kriseleiing og har over fleire år vist at dei kan handtere ekstraordinære situasjonar og krisehendingar. I etterkant av hendingar og øvingar blir det gjort grundige evalueringar som også bidreg til å sikra ei kontinuerleg forbetring av beredskapen i kommunen. I øvingane inviterer kommunen gjerne med fleire enn berre den verksemda som skal øvast slik at også andre kan ha nytte av og læra av øvinga.

Det er etablert eit samarbeid om samfunnstryggleik og beredskap med kommunane Gjesdal, Klepp og Hå der Time har ein viktig pådrivarrolle.

Fylkesmannen registrerer at kommunen bruker CIM i mindre grad enn før og at det er uvisst korleis CIM skal brukast i framtida. Fylkesmannen vil oppmode kommunen å søke meir informasjon om CIM slik at de ser moglegheitene og kan tilpassa CIM slik at systemet passer kommunen.

Beredskapskoordinator har ein sentral rolle med arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i kommunen. Det er viktig at kommunen har et system for å handtere dette dersom beredskapskoordinator ikkje skulle vere tilgjengeleg. Etablering av fast varaperson vil vere eit tiltak som gjer kommunen mindre sårbar.

4. Resultat frå tilsynet

Fylkesmannen har ikkje avdekkja avvik i tilsynet med Time kommune

5. Grunnlagsdokument

Oversikt over dokument som Fylkesmannen har brukt som grunnlag for tilsynet i Time:

- Heilskapleg ROS-analyse 2017-2020
- Politisk handsaming av heilskapleg ROS-analyse i kommunestyret
- Analyseskjema for vald i nære relasjonar/vald og seksuelle overgrep mot barn, brann ved institusjon, brann i kulturhistorisk bygning, storulykkebedrift, ekstrem ver-nedbør, ekstrem ver – snø og vind, akutt svikt i vassforsyning, langvarig straumbrot
- Beredskapsplan for Time kommune 2019 m/vedlegg
- Helse- og sosial beredskapsplan 2018-2021
- Smittevernplan 2018-2021
- Pandemiplan 2018-2021
- Helseberedskap ved miljøhendingar
- Kommuneplan 2015-2019 – Samfunnsdelen
- Planstrategi 2015-2019
- Fagnotat – overvann og klimatilpassing i Time kommune
- Fagnotat – samfunnstryggleik
- Beredskapsplan for vassforsyninga i Time kommune 2018-2019
- Tilsynsrapport mattilsynet 2018
- Rapport forvaltningsrevisjon beredskap
- Oppfølging av rapport forvaltningsrevisjon beredskap
- Organisasjonskart 2019
- Kommuneplan 2018-2030 planprogram
- Rogaland brann og redning – tiltak etter ROS analyse for Time kommune
- Evaluering av handtering av Marokkosaka
- Evaluering brann i rådhuset
- Evaluering øvelse 7. og 8. november 2017
- Dokumentasjon arbeidsprosess – møte med pelsdyrnæringa 12 og 18 juni 2019

- Beredskapsplan IKT
- Status gjennomføring tiltak i ROS analyse 2017-2020

6. Deltakarar i tilsynet

I tabellen under er det oversikt over deltakar på opningsmøtet, intervju og sluttmøtet:

Namn	Funksjon /stilling	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Reinert Kverneland	ordfører	x	x	x
Trygve Apeland	rådmann	x	x	x
Bjørn Meling	kommunalsjef samfunn	x	x	x
Wibecke Natås	fagleiar arealplan	x	x	x
Anne Reidun Garpestad	beredskapskoordinator	x	x	x
Solveig Hognestad	vara beredskapskoordinator (deltok på intervju med beredskapskoordinator)		x	
Odd Ivar Nese	fagleiar innbyggjarservice og kommunikasjon	x	x	x
Ole Bjørn Maråk	Plan- og utbyggingssjef	x		

Frå Fylkesmannen i Rogaland deltok:

- Reidar Johnsen, revisjonsleiar/fylkesberedskapssjef
- Maren Skåden, revisor/seniorrådgivar

FYLKESMANNEN I ROGALAND

Statens Hus, Lagårdsveien 44, Pb 59, 4001 Stavanger | fmropost@fylkesmannen.no | www.fylkesmannen.no/ro

